



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Helse Vest RHF
Postboks 303, Forus
4066 STAVANGER

Deres ref

Vår ref
201101699-/ALLH

Dato
22.12.2011

Søknad om bruk av nemninga universitetssjukehus

Det vises til søknad med vedlegg av 26.04.2011 om godkjenning for bruk av nemninga universitetssjukehus. Helse Vest RHF søkte om godkjenning for Haukeland universitetssjukehus og Stavanger universitetssjukehus.

I *Forskrift om godkjenning av sjukehus, bruk av betegnelsen universitetssjukehus og nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten*, § 3-1 og krav stilt i oppdragsdokumentet til dei regionale helseforetaka for 2011, har departementet motteke søknader frå dei fire regionale helseforetaka om godkjenning for bruk av nemninga universitetssjukehus. Alle søknadene er behandla av dei regionale samarbeidsorgana mellom dei regionale helseforetaka og universiteta, og saken er førelagt Kunnskapsdepartementet etter krav i forskriftas § 3-3.

Helse- og omsorgsdepartementet har vurdert søknaden frå Helse Vest RHF og finn at både Haukeland universitetssjukehus og Stavanger universitetssjukehus fyller alle dei vilkår som må være oppfylt i forskrifta § 3-2.

Etter *Forskrift nr 1706 av 17. desember 2010 om godkjenning av sykehus, bruk av betegnelsen universitetssykehus og nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten*, Kapittel 3. *Godkjenning av betegnelsen universitetssykehus*, godkjenn departementet at følgjande helseforetak i Helse Vest RHF kan nytte nemninga universitetssjukehus:

1. *Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus*
2. *Helse Stavanger HF, Stavanger universitetssjukehus*

Departementet viser til at nemninga for underliggjande sjukehus blei behandla i

føretaksmøte for Helse Sør-Øst RHF, jf Føretaksprotokoll for Helse Sør-Øst RHF, sak 3 av 11. november 2010
(<http://www.regjeringen.no/upload/HOD/EIA/foretaksmøter/2010/ProtokollHelseSørØst111110.pdf>). Føretaksmøtet vedtok at namnebruk for underliggjande sjukehus som ligger i styringslinja under tilliggjande helseføretak, skulle gjerast i kombinasjon med helseføretakets namn som for eksempel:
Oslo universitetssykehus HF, Ullevål sykehus.

Departementet legg til grunn at namnebruk og profilering av universitetssjukehus skal være i tråd med ovanfor nemnte vedtak, samt at berre dei underliggjande einingane i eit helseføretak som oppfyller kriteria i forskrifta, kan nytte nemninga universitetssjukehus ved profilering.

Med vennleg helsing

Maiken Engelstad e.f.
avdelingsdirektør

Lise Lund Håheim
seniorrådgiver

Kopi:
Helse Sør-Øst RHF
Helse Midt-Norge RHF
Helse Nord RHF
Kunnskapsdepartementet
Helsedirektoratet